



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 18.04.2023	
Sak nr.: 24/23, 25/23, 26/23, 27/23, 28/23	Møtestad: Soknehuset kl.16.30
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S. Stærnes	Medlem Maria Eide Sørheim
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	Vara: Asta Nøkland
Forfall til møtet: Åse Marit Jørgensen, Maria Eide Sørheim	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjevevja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Fokus på kyrkjemusikalsk arbeid. Kantor Anne Karin meldt forfall

Info: Nytt frå UKF v/Cecilie Stærnes
Ikkje noko nytt frå Ullensvang kyrkjelege fellesråd

Meldingar:
Ragnhild Jebsen vart vigsla til biskop i Bjørgvin helga 15-16.april

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Saker:
24/23 Godkjenning av innkalling

25/23 Godkjenning av protokoll frå sist møte 15.03.23

26/23 Kyrkjemusikalsk arbeid, gå igjennom plan saman med kantor.

27/23 Konfirmasjonshelg- gå igjennom opplegg og vurdere kva det er trong for av resursar

28/23

29/23 Eventuelt

Sak 24/23 Godkjenning av innkalling til møte

Vedtak:

Innkalling til møtet den 18.04.23 vart samrøystes godkjent.

Sak 25 /23 Godkjenning av protokoll frå sist møte 15.03.23

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 15.03.23 vart samrøystes godkjent.

Sak 26/23 Kyrkjemusikalsk arbeid, gå gjennom plan saman med kantor/evaluering av musikkanlegg.

Kort utgreiing om saka:

Gå igjennom plan for kyrkje musikalsk arbeid. Kantor leverer revidert framlegg til godkjenning til møtet i mai.

Korleis fungerer det nye musikk anlegget – er vi nøgde, svarer det til forventningane?

Sak 26/3. Kantor Anne Karin har meldt forfall til møte. Saka utsett til møte i mai.

Sak 27/23 Konfirmasjonshelga. Gå igjennom opplegg og vurdere kva det er trong for av resursar.

Kort utgreiing om saka:

Torsdag 4 Mai- kyrkjespel/fest/ kva er det trong for av resursar frå soknerådet?

Laurdag 6 Mai – konfirmasjonsgudsteneste- gjennomføring.

Det blir utdelt roser til konfirmantane og medvirkande på kyrkjespelet

Etter kyrkjespelet blir det fest for konfirmantar med foreldre i bedehuset. Arne Opsahl Engen har tatt på seg ansvaret for festen; mat og litt program.

Konfirmasjon 6.mai. Det blir ikkje leigd inn fotograf i år. Foreldre tek ansvar for fotografering.

Sak 28/23 Eventuelt

1) Evaluering av Soknemøte

Grei gjennomføring av soknemøtet. Årsmelding og rekneskap skal godkjennes kvar for seg.

2) Info om valprosessen

Vallista for Jondal sokn er klar og levert. Fleire oppgåver for soknerådet og Fellestrådet fram mot valet 11.sept. Dette kjem vi tilbake til.

3) Open kyrkje i sommar- liten diskusjon- fordele oppgåver event.

Positive til open kyrkje. Sak på neste møte.

4) Sommar avslutning?

Planlegg sommaravslutning tilsette og soknerådet med vara.